



Mykje skal skje i Helgheim dette året.

Fram til mai vil hovedetasjen (2. etasje) i Helgheim vera lukka for arrangement grunna oppussing, opplyser formann Thomas F. Eide i ungdomslaget til uskedalen.no.

Alle vindu skal byttast ut, golvet i salen skal pussast og lakkast (8-10 strøk) og det elektriske anlegget skal skiftast.

Kjellaren vil vera open for arrangement og bingoen og anna vil gå som vanleg.

Den tradisjonelle pensjonistfesten vert derimot utsett til hausten og datoen kjem seinare, opplyser Eide.